



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato  
22.12.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/16390  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Radøy kommune tysdag 14. februar 2017, samt invitasjon til førebuande telefonmøte måndag 6. februar frå kl. 14:00 til 15:00**

Vi syner til vårt brev datert 01.12.2016 med varsel om tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i 2017, og vidare til dialog med beredskapskontakt knytt til fastsetjing av dato for tilsynet.

#### **Om tilsynet**

Tilsynet er ein kontroll av kommunens oppfølging av lov- og forskriftskrav knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Det er med andre ord ikkje ei evaluering av korleis tidlegare hendingar har vorte handtert, ei heller ei vurdering av korleis ein trur framtidige hendingar vil verte handtert.

Hovudtema for tilsynet vil vere kommunen si oppfølging av pliktene i §§ 14 og 15 i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova), nærare utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vidare vil vi ha særleg merksemd på korleis kommunen i denne samanheng handterer kritisk infrastruktur/samfunnskritiske funksjonar og sårbare objekt/risikoobjekt som til dømes:

- Storulykkebedrifter<sup>1</sup> og tilsvarande verksemdar
- Kraftforsyning
- Ekom/IKT-sektor
- Vatn og vassforsyning
- Kommunal kriseleiing, medrekna systematisk kompetansebygging, øvingar osb.

Kommunen må kunne dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Det tyder m.a. at det må vere ein «raud tråd» frå overordna nivå med visjonar og hovudmålsetjingar via prioriteringar til underordna nivå med konkrete delmål og ressurstildeling. Tilsvarande samanheng bør òg finnast att i kommunal planstrategi via kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel) til detaljplannivå.

---

<sup>1</sup> Jf. «Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer (storulykkeforskriften)»

## **Førespurnad om dokumentasjon**

Som ledd i førebuingane til tilsynet, ber vi om at følgjande underlagsdokumentasjon er oss i hende seinast 05.01.2017:

1. Relevante utdrag av:
  - Kommunal planstrategi
  - Kommuneplanens samfunnsdel
  - Kommuneplanens arealdel
  - Økonomiplan
  - Årsbudsjett
  - Årsrekneskap
  - Årsmelding
2. Eventuelle andre dokument som er styrande for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet (presiser då gjerne kva status dokumentet har)
3. Heilskapleg ROS-analyse, medrekna
  - Oppfølgingsplan, medrekna
    - Prioriterte tiltak
    - Framdriftsplan
4. ROS-analysar knytt til område som er gjenstand for særleg merksemd i tilsynet
5. Overordna beredskapsplan
6. Beredskapsplanar knytt til område som er gjenstand for særleg merksemd i tilsynet
7. Dokumentasjon på systematisk kompetansekartlegging/opplæring for å sikre at personell med ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar
8. Evalueringar etter uønskte hendingar og øvingar
9. Eventuell annan relevant dokumentasjon (jf. t.d. forskrift om kommunal beredskapsplikt)

Vi legg òg ved eit statuskartleggings skjema i Excel som vi ber kommunen fylla ut og returnere saman med dokumentasjonen over til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no).

Dei underlaga vi samlar inn frå kommunane gjennom tilsyn vil til orientering seinare m.a. òg kunne verte nytta som grunnlag for utarbeiding av framtidige risikobilete for Hordaland (FylkesROS).

### **Førebuaende telefonmøte**

Vi ønskjer òg å invitere kommunen (v/ beredskapskontakt og ev. andre) til eit førebuaende telefonmøte måndag 6. februar kl. 14:00 til 15:00.

I det førebuaende møtet vil vi kvalitetssikre at vi har motteke all relevant informasjon frå kommunen, samt avklare sjølve opplegget for tilsynsdagen.

Vi ber kommunen om tilbakemelding snarast råd dersom tidspunktet for telefonmøtet ikkje passar, så vi kan finne ein alternativ dato.

**Eventuelle spørsmål**

Eventuelle spørsmål knytt til tilsynet kan rettast til Fredrik Arnesen, tlf.: 55 57 23 69 / 958 00 735, eller e-post [fmhofra@fylkesmannen.no](mailto:fmhofra@fylkesmannen.no).

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*